



Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT

Teknisk og Næring

I

JONDAL KOMMUNE

FORORD

Denne rapporten er eit resultat av forvaltningsrevisjonsprosjektet "Teknisk og næring". Rapporten er todelt. Dette er del I Gebyrgrunnlaget for VAR-sektoren.

Forvaltningsrevisjon er ei lovbestemt oppgåve for Jondal kommune etter kommunelova av 25. september 1992 med endringar av 12. desember 2003. Føremålet med forvaltningsrevisjon er nedfelt i kommunelova § 77 nr. 4 som har følgjande ordlyd:

"Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal vidare påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltningsrevisjon)."

Revisjonen gjennomfører forvaltningsrevisjon på oppdrag frå Jondal kommune sitt kontrollutval. Undersøkinga har vore gjennomført av Odd Jakob Storebø. Vi vil takke kommunen for godt samarbeid i løpet av prosjektet.

18. desember 2007

Odd Jakob Storebø

Odd Jakob Storebø
revisjonssjef

INNHALD

FORORD	2
INNHALD	3
Samandrag	5
1.0 Innleiing og bakgrunn for prosjektet	7
1.1 INNLEIING	7
1.2 PROBLEMSTILLINGAR.....	7
1.3 AVGRENSING	7
2.0 Metode	8
2.1 DEN PRAKTISKE GJENNOMFØRINGA	8
2.2 PÅLITELEG HET OG GYLDIGHEIT.....	8
2.3 HØYRING	9
3.0 Revisjonskriterium	9
3.1 PROBLEMSTILLING 1 – GJENNOMFØRTE ARBEIDSOPPGÅVER.....	9
3.2 PROBLEMSTILLING 2 – OVERHALDE ØKONOMISKE RAMMER.....	11
3.3 PROBLEMSTILLING 3 - SAKSBEHANDLING	11
4.0 Teknisk og Næring – Utgifter og inntekter	12
4.1 GJENNOMFØRTE ARBEIDSOPPGÅVER.....	12
4.1.1 Data.....	12
4.1.2 Revisor sine vurderingar	12
4.2 ØKONOMISTYRING	12
4.2.1 Data.....	12
4.2.2 Revisor sine vurderingar	13
4.3 SAKSBEHANDLING	13
4.3.1 Data.....	13
4.3.2 Revisor sine vurderingar.....	13
5.0 Arealforvaltning	13
5.1.1 Gjennomførte arbeidsoppgåver.....	13
5.1.2 Data.....	13
5.1.3 Revisor sine vurderingar	15
5.2 ØKONOMISTYRING	15
5.2.1 Data.....	15
5.2.2 Revisor sine vurderingar	15
5.3 SAKSBEHANDLING	16
5.3.1 Data.....	16
5.3.2 Revisor sine vurderingar	16
6.0 Egedomsforvaltning	16
6.1 GJENNOMFØRTE ARBEIDSOPPGÅVER.....	16
6.1.1 Data.....	16
6.1.2 Revisor sine vurderingar	17
6.2 ØKONOMISTYRING	18
6.2.1 Data.....	18
6.2.2 Revisor sine vurderingar	18
6.3 SAKSBEHANDLING	18
6.3.1 Data.....	18
6.3.2 Revisor sine vurderingar.....	18
7.0 Sjølvkostområdet/Kommunale vegar	19
7.1 GJENNOMFØRTE ARBEIDSOPPGÅVER.....	19

7.1.1 Data.....	19
7.1.2 Revisor sine vurderingar.....	20
7.2 ØKONOMISTYRING.....	21
7.2.1 Data.....	21
7.2.2 Revisor sine vurderingar.....	21
7.3 SAKSBEHANDLING.....	21
7.3.1 Data.....	21
7.3.2 Revisor sine vurderingar.....	21
8.0 Avslutning.....	22
8.1 KONKLUSJON.....	22
8.2 TILRÅDINGAR.....	23
Litteratur og kildereferanser.....	23

Vedlegg: Brev frå rådmannen

TABELLAR

Tabell 1) Rekneskap 2004 – 2006 Teknisk og Næring.....	12
Tabell 2) KOSTRA-data – Fysisk tilrettelegging og planlegging.....	14
Tabell 3) KOSTRA-data - Kartlegging.....	14
Tabell 4) Regnskap 2005 – 2006 Kart og Oppmåling.....	15
Tabell 5) KOSTRA-data – Kommunal eigedomsdrift 2006.....	17
Tabell 6) Regnskap 2006 Egedomsforvaltning.....	18
Tabell 7) KOSTRA-data – Vann, avløp og renovasjon.....	19
Tabell 8) KOSTRA-data – Kommunale veier.....	20
Tabell 9) Regnskap 2005 – 2006 Kommunale vegar.....	21

Samandrag

Kontrollutvalet bad om at Indre Hordaland Revisjonsdistrikt gjennomførte ein forvaltningsrevisjon av Teknisk og Næring. Oppgåva viste seg vanskelig å konkretisere. Vi har derfor valt å ha ein relativt vid vinkling for å omfatte flest mulig sider ved drifta av Teknisk og næring. Denne rapporten er todelt, ein rapport for va-sektoren og ein rapport for resten av Teknisk og Næring.

Den overordna problemstillingane har vore:

Er drifta av Teknisk og Næring målretta og effektiv?

Konkret har vi undersøkt:

- Har fastsette mål om kva for arbeidsoppgåver som skal gjennomførast blitt nådd ?
- Har økonomistyringa vore i samsvar med gjeldande regelverk?
- Har saksbehandlinga vore i samsvar med lov og retningslinjer?

Revisjonskriteria er henta frå Teknisk og rå relevante lover og forskrifter. Gjennomgangen viser at:

Teknisk og Næring utfører i hovudsak dei arbeidsoppgåver som det er stilt krav om i lovverket. Vasskvaliteten er ikkje god nok, men innbyggjarane har ein avfallsordning som fungerer, og innbyggjarane får sine byggesøknader og reguleringsforslag rimeleg raskt behandla.

Teknisk og Næring bør meir med strategisk planlegging. Bortsett frå hovudplan for vassforsyning som er under utarbeiding, har ingen av avdelingane utarbeidd planer for si eiga verksemd. For lite ressursar blir oppgitt som forklaring på manglande planverk. Planer med klare mål er eit godkjent virkemiddel for å oppnå effektiv og rasjonell drift. Vi trur at ein meir planmessig og målretta drift kan hjelpe til å utnytte knappe ressursar betre. Samtidig kan det synleggjere reelle behov for dei som gjennomfører vedtak og gjere prioriteringar enklare.

Teknisk og Næring har utarbeidd stillingsbeskrivingar. Vi meiner stillingsbeskrivingar er til nytte, spesielt for å beskrive innhaldet i sårbare stillingar ved f.eks. sjukefråvær.

For at ein avdeling skal fungere optimalt, må det være tilstrekkelige ressursar til å administrere verksemda. Det kan synes som om nokre avdelingar har mindre administrative ressursar enn andre. Derfor bør ein ha ein brei gjennomgang av arbeidsoppgåver i Teknisk og Næring.

Samanlikninga av KOSTRA-tall gir eit noe sprikande resultat. Arealforvaltning har høge netto driftsutgifter i forhold til samanlikningskommunane. Eigeomsforvaltninga har lågare gjennomsnittlige driftsutgifter enn same Kostragruppa, men Jondal kommune har høgare kostnader enn andre kommunar i Hordaland og gjennomsnitt for landet utanom Oslo. Det er vanskeleg å sei om kommunen eine kostnader per kvadratmeter er lågare enn gjennomsnittet. Utgiftene til vann, avløp og renovasjon er omtrent som gjennomsnittet i Kostragruppa.

Teknisk og Næring har hatt mindreforbruk dei to siste åra, særlig stor var mindreforbruket i 2005. Vi meiner at økonomistyringa har vore tilfredsstillende. Leiar av Teknisk og Næring meiner at kommunen har hatt eit mindreforbruk på grunn av at det er oppgåver som er utsett (skyvd fram i tid).

Kommunen har ingen overordna retningslinjer for saksbehandling. Sjølv om Websak regulerer ein del, vil det i stor grad vere opp til den enkelte saksbehandlar korleis henvendinger frå publikum skal verta svart på.. Vi meiner at dette kan innebere ein viss risiko for forskjellsbehandling. Undersøkinga viste at det meste av saksbehandlinga var innanfor dei fristar som lova set. Vi meiner det er ein veikskap at det ikkje er utarbeida rutinar for å følgje opp nye tidsfristar for bl.a. byggesøknader og private reguleringsforslag.

Vi har derfor konkludert med:

Teknisk etat oppfyller i hovudsak dei mål og krav som lovverket stiller, men etaten har i mindre grad vore flinke til å følgje opp dei mål dei sjølv har satt. Vi meiner det er potensial for forbetring.

Vi har følgjande tilrådingar til kommunen:

- Til tross for knappe ressursar, meiner vi at Teknisk og Næring bør leggja større vekt på å planlegge verksemda. Vi trur at dette er svært viktig for eigeomsforvaltning som forvaltar store verdier. I tillegg vil kommunen være betre førebudd på eventuelt nye lovkrav på området
- Avdelingane er ulike i storleik. Derfor bør det bør vurderast kva som er nødvendig administrativ ressurs.
- Avklaring av arbeidsoppgåver der det er behov for det i forhold til stillingsbeskrivingar
- Budsjettet bør være realistisk. Dersom det er klare indikasjonar på at vedteke budsjett ikkje vil være tilstrekkelig, må etaten sette inn tiltak for bringe budsjettet i balanse.
- Teknisk og Næring (kommunen) bør utarbeida overordna rutinar for saksbehandling som fungerer som ei rettesnor for saksbehandlarane. Retningslinjene bør ta opp forholdet til forvaltningslova.
- Teknisk og Næring bør utarbeide system for å følgje opp dei tidsfristar som er satt i plan- og bygningsloven. Publikum bør informerast om kva for rettigheter dei har - for eksempel på kommunen sine nettsider. Derfor bør det utarbeidast ein serviceerklæring for byggesaker, kart og delingsforretningar.
- Det bør utarbeidast ein oversikt over kor lang tid ein bruker på å handsama byggesaker/frådelingssaker
- Utarbeide årleg oversikt over utsette prosjekt

1.0 Innleiing og bakgrunn for prosjektet

Rapporten "Teknisk og Næring" er gjennomført som forvaltningsrevisjon. Dette forvaltningsrevisjonsprosjektet er gjennomført på oppdrag frå kontrollutvalet. Rapporten blir oversendt Kontrollutvalet som vidare skal avgi rapport til kommunestyret.

Denne rapporten er eit resultat av forvaltningsrevisjon på området "Teknisk og næring". Denne rapporten blir to-delt. Den eine delen er forvaltningsrevisjon på VAR-området og den andre rapporten vil bli Drift av Teknisk og Næring.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt vil takka administrasjonen, Teknisk og Næring og økonomikontoret for godt samarbeid og nødvendig bistand i dette arbeidet.

Sak: Bestilling av forvaltningsrevisjon 2006.

Innafor avtalen mellom indre Hordaland Revisjonsdistrikt og Jondal kommune bestiller kontrollutvalet i Jondal kommune forvaltningsrevisjon av tenesteeininga "Teknisk og Næring", sjå pkt 1 på side 2. Med denne bestillinga avlys kontrollutvalet alle tidlegare munnlege bestillingar av forvaltningsrevisjon.

1.1 Innleiing

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon frå Indre Hordaland Revisjonsdistrikt innafor avtala om revisjon. Kontrollutvalet ville at Indre Hordaland skulle gjennomgå Teknisk og Næring. Vi har derfor valt å ha ein relativt vid vinkling for å omfatte flest mulig sider ved drifta til teknisk etat.

Teknisk og Næring har vi valt å dele inne i 4 områder: Arealforvaltning, Eigedomsforvaltning og sjølvkostområdet/kommunale vegar.

Revisjonen er ikkje kjent med at det er gjennomført nokon organisasjonsgjennomgang av Teknisk og Næring dei seinare åra. Det er føretatt visse organisatoriske endringar på etaten, men hovudstrukturen og arbeidsoppgåvene er framleis dei same.

1.2 Problemstillingar

Etter avklaring med Kontrollutvalet har vi formulert følgjande overordna problemstilling:

Er drifta av teknisk etat målretta og effektiv?

Denne problemstillinga er svært generell og omfattande, så vi har konkretisert det vi ønskjar å undersøke til:

- Har fastsette mål om kva for arbeidsoppgåver som skal gjennomføres blitt nådd ?
- Har økonomistyringa vore i samsvar med gjeldande regelverk?
- Har saksbehandlinga vore i samsvar med lov og retningslinjer?

1.3 Avgrensing

Vi har ikkje vurdert drifta av Vatn- og avløpssektoren på grunn av at vi har laga ein eigen rapport om dette. Vi har heller ikkje vurdert drifta av landbruk som og ligg under Teknisk og Næring.

Vi har ikkje vurdert den faglige kvaliteten på dei tenestene som teknisk og Næring yter.

2.0 Metode¹

For å svare på problemstillinga har vi nytta fleire metodar for å innhente data. Vi har gjennomført dokumentanalyse, analyse av rekneskapstal og intervju av seintrale personar.

2.1 Den praktiske gjennomføringa

For å få oversikt over området og for å innhente konkret informasjon om Teknisk og Næring har vi gjennomført intervju av teknisk sjef. Vi har også hatt ein samtale med rådmannen. Det er skrivi referat frå intervjuet med teknisk sjef. Referata er sendt til teknisk sjef for gjennomlesing og verifisering slik at det er einigheit om kva som er sagt. Teknisk sjef har også fått rapporten på høyring, og har muligheit til å rette opp feil og mistydingar på den måten.

Vi har kontrollert postlistene og sett at per 31.12.06 ikkje var mange ubesvarte saker.

Vi har gjennomgått rekneskapen for 2005 og 2006 for å få ein oversikt om Teknisk og Næring har overheldt budsjettet. Vi har ikkje gjennomgått rekneskapen på detaljnivå, mein vi har sett oss på ansvarsområde 600 – Teknisk og Næring. I tillegg har vi sett på nokre av tenesteområda.

I samanlikninga av bruk av ressursar og produktivitet på Teknisk og Næring har vi henta relevante data frå Statistisk seintralbyrås (SSB) KOSTRA-database. Vi brukar innrapporterte data for 2005 og 2006. SSB har delt kommunane inn i 16 grupper basert på folkemengde og økonomiske rammevilkår. Jondal er plassert i gruppe 06 som ein liten kommune med middels bundne kostnader per innbyggjar og middels frie disponible inntekter. Det er i alt 43 kommunar i Denne gruppa. Vi samanliknar Jondal med gjennomsnittet av gruppe 06-kommunane, med gjennomsnittet av Hordaland og med landsgjennomsnittet (utanom Oslo).

2.2 Påliteleg het og gyldigheit²

Påliteleg het handlar om at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mulig og at ein skal kunne etterprøve undersøkingane. Ein viktig del av dette prosjektet er basert på opplysningar gitt i intervju. Revisoren som var til stede under intervjuet har skrivi referat. Teknisk sjef har lest referatet og fått komme med korreksjonar og tilleggsopplysningar.

Det blir nok framleis gjort ein del feil ved registrering av KOSTRA-data, både i rekneskapsrapporteringa og i rapporteringa av tenestedata, mein vi trur at disse feilkjeldene stadig blir mindre. Staten har også teke i bruk KOSTRA som eit styringsverktøy. Vi meiner derfor at KOSTRA-talla er pålitelige nok til å verta brukt i ein slik analyse. Vi har bedt kommunen om å uttale seg om Kostra-tala.

¹ Med metode meines den framgangsmåten, teknikken eller verktøyet som vert brukt til innhenting og analyse av data. Metodane vert planlagd med utgangspunkt i prosjektets problemstillingar og må tåle kritisk etterprøving.

² Gyldigheita (validiteten) er avhengig av kva som er målt, og om dette er eigenskapar ein ønskjer at problemstillingen skal avklare. (Holme og Solvang, 1996)

Gyldigheit handlar om at ein undersøker dei forholda som problemstillinga søker å avklare, eller at ein måler dei rette tingeine. Vi meiner at dei undersøkinga som vi har føretatt er relevante i forhold til problemstillinga for prosjektet.

2.3 Høyring

Rapporten er sendt på høyring til kommunen før den ble sendt til politisk behandling.

3.0 Revisjonskriterium³

Revisjonskriteria er fastsett med basis i lover og forskrifter, rundskriv, politiske vedtak og heradet sine egne retningslinjer. Revisjonskriteria er ein betegnelse på dei normene og standardane me vurderer fakta imot. For dette prosjektet har me lagt til grunn følgjande revisjonskriterium:

I intervjuet med teknisk sjef har vi lagt vekt på å få frem kva som er Teknisk og Næring sine viktigaste arbeidsoppgåver for å konkretisere revisjonskriteria. I tillegg har plan- og bygningsloven, kart- og delingsloven, forureiningslova, kommunelova og forvaltningslova med tilhøyrande forskrifter vært kilder for revisjonskriterium.

3.1 Problemstilling 1 – Gjennomførte arbeidsoppgåver

Ansvar

Tenesteeininga har ansvar for

- utvikling og vedlikehald av teknisk dokumentasjon, kart og planverk i samband med arealplanlegging, byggesak og frådelling.
- Drift og vedlikehald av kommunale grøntareal, bygg og anlegg. Dei viktigaste anlegga er kommunalt vassverk, kloakkanlegg og kommunale vegar.
- Brannvern, feiing og renovasjon. Kommunen er med i IHM men driv miljøstasjonen sjølv.
- Landbruk. Dette omfattar konsesjonslov, jordlov og skoglov, kommunale og statlege tilskot, vilt og innlandsfiske, miljøsaker og rettleiing.
- Utleige av kommunale bygningar
- Innkrevjing av avgifter for vatn, kloakk, brannvern, feiing, renovasjon og utleigde kommunale bygningar.
- Innkrevjing av gebyr for oppmåling, frådelling m.v.
- Administrasjon av næringsfondet.

Teknisk sjef:

Teknisk sjef sitt hovudansvarsområde er overordna planer, personale og økonomileiing. Det er utarbeidd stillingsbeskrivingar for å plassere hovudansvaret for arbeidsoppgåvene. Eit anna viktig område er strategisk planlegging og iverksetting. Dette er eit område som toppleiinga må jobbe meir med, men også avdelingsleiarane må frigjøre noe tid til dette.

Revisjonskriteriet blir:

³ Revisjonskriterium er dei lover og regler som gjelder innanfor det området som blir undersøkt. Ein kan også bruke teori eller "beste praksis" som eit kriterium. Kriteria vil ligge til grunn for dei vurderingar og konklusjonar som blir gjort. t.

Teknisk og Næring skal utarbeide stillingsbeskrivingar og arbeide meir med strategisk planlegging.

Arealforvaltning:

Innanfor arealforvaltning er det tre hovudarbeidsområder; arealplan, byggesaksbehandling og kart og oppmåling. Når det gjelder byggesak vil deira hovudarbeidsoppgåve være å behandle byggesøknadene innanfor fastsette fristar. Om byggesak gjennomfører sine pålagte arbeidsoppgåver til rett tid, vil derfor indirekte følgje av problemstilling 3. Arealplanen hovudoppgåve er kommunen sine reguleringsplanar.

Kart og oppmåling si hovudoppgåve er å utarbeide og vedlikehalde kommunen sine kartverk, og i tillegg utføre kart- og delingsforretningar for innbyggjarane. Det vil komme fram av problemstilling 3 om avdelinga leverer denne tenesta til innbyggjarane innan forsvarlig tid. Kommunen er pålagt å ha eigedomskart og tekniske kart over sine areal. Kartlegginga skal skje etter fastsette standardar.

Kommunen er pålagt å rapportere til grunneigedom-, adresse- og bygningsregisteret (GAB).⁴ Feil skal rettes snarast mogeleg.⁴

Revisjonskriteriet blir:

- avdelinga skal ha utarbeida lovpålagte kart
- GAB-registeret og kommunen sin arealplan skal være riktig og oppdatert

Eigeomforvaltning:

Teknisk og Næring har ansvar for alle kommunale bygg og grøntareal. Reinhald og vaktmeistertjenester er også Teknisk og Næring sitt ansvar. I tillegg har avdelinga budsjett- og gjennomføringsansvar for nybygg og tilbygg.

Revisjonen finn ikkje at kommunen har tenkt på dette med betre tiltak for å betra drifta. Teknisk og Næring har ikkje tenkt på å investere i eit FDV-system (forvaltning, drift og vedlikehald) for betre å kunne berekne reinhald og vedlikehaldsbehov. Teknisk og Næring vil definere kva for nivå ein skal ha på bygningsvedlikehaldet og utarbeide planar for rutinevedlikehald. Teknisk og Næring vil også gå inn å definere kva som skal være vaktmeisternes sine arbeidsoppgåver. I NOU 2004:22 –"Velholdte bygninger gir mer til alle. Om eigedomsforvaltninga i kommunesektoren." blir det tilrådd at det skal stillast krav om planleggings- og styringssystem som omfattar alle aktivitetar og all ressursbruk.

Rapportering skal skje i forhold til vedtekne mål.⁵

Revisjonskriteria blir:

- **avdelinga skal ha eit fungerande FDV-system.**

⁴ Forskrift til lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom av 19.19. 1970 og Forskrift om føringa av grunneigedom-, adresse- og bygningsregisteret av 26.06. 2003. Drift av teknisk etat.

⁵ NOU 2004:22. Velholdte bygninger gir mer til alle. Om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren side 17. Utredninga er utarbeidet av Eiendomsforvaltningsutvalget som ble nedsatt for å fremme tiltak for å betre eiendomsforvaltningen i kommunane. Forslaga har vært på høring og blir nå behandla av departementet.

- avdelinga skal ha planer for rutinevedlikehald og fastsett nivå for bygningsvedlikehald.
- Vaktmeistene skal ha klart definerte arbeidsoppgåver.

Sjølvkostområdet/Kommunale vegar:

Teknisk og Næring har ansvar for dei kommunale veiene, for kommunen sine vatn-, avløps- og renovasjonsordningar. I tillegg har avdelinga budsjett- og gjennomføringsansvar for nybygg.

Kommunen har ansvaret for at alle bygningar som blir brukt av menneskjer har tilgang til tilfredsstillende drikkevatt.⁶ På same måte har kommunen eit ansvar for at alle bygg har ein ordning for å leia bort avløpsvatn som er i samsvar med forureiningslova.⁷

Kommunen har også ansvar for innsamling av hushaldningsavfall i kommunen. Hushaldningsavfall omfattar alt avfall frå private hushaldningar. Kommunen har ikkje noe tilsvarende ansvar for næringsavfall.⁸

Revisjonskriteria blir:

- Alle husstandar og all næring i kommunen skal være tilknytt ein tilfredsstillende vann og avløpsordning
- Det skal være etablert ein tilfredsstillende ordning for innsamling av hushaldningsavfall

3.2 Problemstilling 2 – Overhalde økonomiske rammer

Kommunelova seier at det skal fastsettast eit budsjett over alle kjente inntekter og utgifter kvart år. Budsjettet skal være realistisk og er bindande, men dersom det skjer endringar i løpet av året skal dette rapporterast til kommunestyret. Kommunestyret må foreta nødvendige endringar.

Revisjonskriteriet blir:

Teknisk og Næring må overhalde den ramma kommunestyret har gitt. Siden budsjettet skal være realistisk må vesentlige endringar meldast til kommunestyret slik at nødvendige justeringar kan foretas.

3.3 Problemstilling 3 - Saksbehandling

Kommunen har ikkje overordna interne retningslinjer for saksbehandling. Internt delegasjonsreglement frå teknisk sjef til avdelingssjefar pålegg avdelingssjefane å sjå etter at saksbehandlinga er tilfredsstillende etter forvaltningsloven og særlover. Like saker skal behandlast likt. Spesielt forvaltningslova og plan- og bygningsloven har bestemningar for korleis henvendelser frå befolkninga skal behandlast. Forvaltningslova sin § 11a seier at alle henvendelser skal besvarast utan ugrunna opphald. I saker som gjelder enkeltvedtak skal det gis foreløpig svar dersom ikkje henvendelsen kan besvarast i løpet av 1 månad.

⁶ Plan og bygningslova § 65

⁷ Plan og bygningslova § 66

⁸ Forureiningslova §§ 30 og 32

Frå 01.07.03 ble det innført nye tidsfristar for behandling av byggesaker på 3 veker for enkle tiltak og 12 veker for vanlige byggesøknader. Private planforslag skal behandlast av det faste utvalet for plansaker innan 12 veker.⁹ Frå 01.07.04 må kommunen betale tilbake heile eller delar av gebyret dersom fristane vert overskriden.

Revisjonskriteriet blir:

Alle skriftlige henvendelser til teknisk etat skal svarast på utan ugrunna opphald. For enkeltvedtak skal det gjevast svar innan 1 måned. Byggesøknader og private planforslag skal behandlast innan 12 veker. Enkle tiltak innan 3 veker.

4.0 Teknisk og Næring – Utgifter og inntekter

4.1 Gjennomførte arbeidsoppgåver

4.1.1 Data

Kommunen har utarbeidd kommuneplan og handlingsprogram/økonomiplan. I tillegg har kommunen ein eigen einingsplan. Det er ikkje utarbeida verksemdplan eller andre planverk for teknisk etat samla. Det er utarbeidd stillingsbeskrivingar for alle tilsette ved teknisk og Næring.

I 2006 var sjukefråværet på 2,9 %. Dette er ein reduksjon på 0,6 prosentpoeng frå 2005. I samband med sjukefråværet vart det ikkje tilsett vikarar, andre tilsette har fungert i jobben etter behov.

4.1.2 Revisor sine vurderingar

Teknisk og Næring oppfyller kommunelova sitt minstekrav til planlegging ved å ha kommuneplan og økonomiplan. Noko strategisk planverk utover dette er ikkje utarbeidd. Det er ein veikskap at det ikkje er utarbeida ein eigen organisasjons- og utviklingsplan. Teknisk og Næring har ikkje eigne skriftlege målsetjingar enn dei som er nedfelt i einingsplanen.

Teknisk og Næring har utarbeidd stillingsbeskrivingar for alle tilsette. Ein stillingsbeskriving klargjør kva som er den enkelte sitt primære arbeidsområde, og er nyttig dersom ein tilsett må fylle ein annan person sin stilling i ein periode, f.eks i samband med sjukefråvær.

4.2 Økonomistyring

4.2.1 Data

Etaten har hatt følgjande rekneskapsresultat dei tre siste årene:

Tabell 1) Rekneskap 2004 – 2006 Teknisk og Næring

	2006	2005
--	-------------	-------------

⁹ Forskrift om tidsfristar, og sanksjonar ved overskriding av fristane, for private planforslag etter § 30 i plan- og bygningslova.

Nettobudsjett med endringar	9 143 091	7 884 440
Rekneskap	8 825 908	6 655 643
Mindreforbruk	(317 183)	(1 228 797)

Mindreforbruket i forhold til budsjett er redusert frå 2005 til 2006. Grunnen til mindreforbruket er at det er prosjekt/arbeidsoppgåver er blitt utsett og dermed ikkje gjennomført i budsjettåret.

4.2.2 Revisor sine vurderingar

Teknisk og Næring har heldt den ramma som kommunestyret gav. Årsaka til dette er som nemnt at arbeidsoppgåver er blitt utsett.

4.3 Saksbehandling

4.3.1 Data

Teknisk og Næring har ikkje andre saksbehandlingsregler enn det som er nedfelt i Rutine for posthandsaming i Jondal kommune. Alle brev og søknader blir scanna av servicetorget og oversendt elektronisk til den aktuelle saksbehandlar. I tillegg blir innkomen post lagt i hylla til sakshandsamar. Websak - saksbehandlingssystemet legg inn automatisk 14 dagars svarfrist. Saksbehandlaren må krysse av om henvendelsen er besvart skriftlig, telefonisk eller på annan måte.

Den enkelte saksbehandlar kan skrive ut restanseliste over ikkje besvarte henvendinger.

4.3.2 Revisor sine vurderingar

Når kommunen ikkje har overordna retningslinjer for korleis henvendinger frå publikum skal handterast, blir det opp til den enkelte saksbehandlar å vurdere dette. Vi trur at dei aller fleste saksbehandlarar vil helde seg innanfor dei rammer som lovverket setter og at innbyggjarane får sine rettigheter ivaretatt. Men samtidig meiner vi at fråværet av eit overordna regelverk på området kan innebære ein viss risiko for forskjellsbehandling. I tillegg har både forvaltningslova og plan- og bygningslova omfattande bestemningar om saksbehandling som det er viktig at leiarar og saksbehandlarar har tilstrekkelig kunnskap om. Det kan bl. a medføre inntektstap å ikkje overhalda saksbehandlingsbestemningane i plan- og bygningsloven.

5.0 Arealforvaltning

5.1.1 Gjennomførte arbeidsoppgåver

5.1.2 Data

Teknisk og Næring er ansvarleg for arealforvaltning. Det er ein person som er ansvarleg for dette arbeidet. Arealforvaltning er dei frå Teknisk og Næring som har størst kontakt med innbyggjarane, både ved skriftlige henvendinger, telefoner og besøk.

Tabell 2) KOSTRA-data – Fysisk tilrettelegging og planlegging

Jondal	Gruppe 06	Hordaland-gj.sn		Lands-gj.sn.
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	1,9	0,44	0,62	0,53
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging per innbygger.	882	202	172	155
Brutto driftsutgifter fysisk planlegging som andel av kommunens samlede brutto driftsutgifter	1,65	0,86	1,14	0,97
Brutto driftsinntekter til fysisk planlegging, per innbygger	690	418	320	293
Saksgebyret for privat forslag til reguleringsplan, jf. PBL §30.	5620	7169	18836	14467
Saksgebyret for oppføring av enebolig, jf. PBL §93 pkt. a.	2808	2785	4522	5158

Kilde: SSB 2005

Teknisk og Næring poengterer at kundefornøydheter har eit auka fokus i avdelinga. Einingsplanen berer også preg av dette. Det blir sagt at det er eit hovudmål å gi kundane korrekt rettleiing og rask saksbehandling.

Bortsett frå einingsplan og kommunen sin økonomi- og handlingsplan er det ikkje utarbeida spesielle planer for avdelinga si verksemd. Det er kundane og saker til behandling som bestemmer kvardagen.

Teknisk og Næring er ansvarleg for å rydde opp i feilregistreringar i GAB, og meiner nå at GAB-registeret, i alt det vesentligaste, er rett og å jour.

Teknisk og Næring har også etterslep når det gjelder oppdatering av gamle reguleringsplanar. Private planforslag blir prioritert før kommunen sine egne.

Jondal kommune deltar i Geovekstsamarbeidet saman med bl.a. andre kommunar, energiverk og vegvesenet. Samarbeidet vert administrert av Statens kartverk. Formålet med dette samarbeidet er å gjennomføre felles kartleggingsprosjekt som er til nytte for fleire, samtidig som ein deler på kostnadene.

Tabell 3) KOSTRA-data - Kartlegging

Jondal	Jondal	Gr. 06	Hordaland-gj.sn	Lands-gj.sn.
Teknisk kartlegg. Andel ferdig kartlagt i standardene FKB- A og –B i prosent	0	77	97	92
Teknisk og økonomisk kartlegging. Andel ferdig kartlagt i standardene FBK-A, -B og –C i prosent.	91	45	85	65

Kilde: SSB 2006

Kommunen må bruke kartstandardane FKB¹⁰-A, -B og -C når dei lager kart. A og B vert brukt i byområder og tettbygde strøk og har høge krav til detaljering og nøyaktigheit. C vert brukt der det ikkje er tettbygde strøk, jord- og skogområder og har ein mindre detaljerings- og nøyaktighetsgrad.

Kommunen meiner at Geovekstsamarbeidet har gjort målsetninga om digitale kart i hele kommunen mulig. Kommunen har ennå ikkje undertekna avtale med kartverket om ajourføring av karta.

5.1.3 Revisor sine vurderingar

Jondal brukar ein større del av netto driftsutgifter på fysisk planlegging enn noen av samanlikningskommunar. Dette kan forklarast med at Jondal har lågare inntekter frå denne typen tenester enn kommunane som ein samanliknar med. Gebyra for byggesaksbehandling og kart- og delingsforretning kan ikkje overstige kostnadene for tenestene (sjølvkostprinsippet).

Det er positivt at Teknisk og Næring har rydda opp i feilregistreringar i GAB, men framleis har Teknisk og Næring noko ugjort når det gjeld oppdatering av reguleringsplanane.

Vi finn ikkje oversikt over Jondal kommune kartleggingsprosent for Teknisk kartlegging, noko vi meiner er ein veikskap. Revisjonen meiner at dette er viktig med omsyn til ajourhald. Det kan føre til at det gode grunnlagsarbeidet som er gjort ved etableringa av kartverka blir forringa.

5.2 Økonomistyring

5.2.1 Data

Avdelinga har hatt følgjande rekneskapsresultat dei to siste åra:

Tabell 4) Regnskap 2005 – 2006 Kart og Oppmåling

	2006	2005
Nettobudsjett med endringar	286 236	
Rekneskap	111 379	
Minbdreforbruk	-174 857	

I 2005 var det ikkje rapportert noko for Tenesta kart og Oppmåling (3003). Dei fleste kostnadene på arealforvaltning kan relaterast til lønn. Teknisk og Næring har også gebyrinntekter frå byggesaksbehandling og kart- og delingsforretning. Sjølvkost er øvste grense for fastsetting av gebyr for desse tenestene.

5.1.3 Revisor sine vurderingar

Avdelinga har i 2006 eit stort mindreforbruk i rekneskapen samanlikna med budsjettet. Utgiftssida er lett å budsjettere, medan inntektssida er vanskeleg å budsjettere fordi den vil

¹⁰ Felles Kart Database

varierte frå år til år. Forklaringa i årsmeldinga til mindreforbruket er at kommuneplanen er utsett til 2008.

Vi meiner likevel at Teknisk og Næring i alt det vesentligaste har heldt seg til dei økonomiske rammene som kommunestyret har gitt.

5.3 Saksbehandling

5.3.1 Data

Teknisk og Næring meiner sjølv at dei ikkje har noen problem med å overhalde fristane for byggesaksbehandling. Stikkprøver viste at per 31.12.06 var nesten alle saker behandla. Kommunen har sjølv rapportert til KOSTRA at gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker var 30 dagar i 2005. Kommunen har ikkje rapportert tal for 2006 når det gjeld saksbehandlingstid for byggesaker.

Avdelinga har ikkje eigen serviceerklæring der ein informerer om brukarane sine rettigheter. Kommunen har rapportert til KOSTRA for 2005 at gjennomsnittlig saksbehandlingstid for kartforretning var 40 dagar.

5.1.3 Revisor sine vurderingar

Stikkprøvene viser at Teknisk og Næring ikkje har mange saker som ikkje er handsama ved årsskiftet. Etter kva vi kan sjå har det ikkje vore nokon overskridingar av fristane i plan- og bygningslova for denne type løyver.

Til tross for at avdelinga behandlar søknader og forslag frå innbyggjarane raskt, meiner vi at det er ein vesentlig mangel at brukarane ikkje blir informert om nye forskrifter som vedkjem tidsfristar og tilbakebetaling av gebyr. Når avdelinga legger så stor vekt på kundefornøydhet og har uttalt at det er eit hovudmål å gi "kundane" korrekt rettleiing og korrekt saksbehandling, synes vi det er uheldig at forskrifter som legger så stor vekt på rettigheta til "kundane" ikkje har blitt betre følgd opp.

6.0 Eigedomsforvaltning

6.1 Gjennomførte arbeidsoppgåver

6.1.1 Data

Kommunen har registrert inn følgjande regnskapsdata for 2006. Tallene omfattar drift og vedlikehald av administrasjonslokalar, barnehagelokalar, skoler, institusjonar og kommunale bustader.

Tabell 5) KOSTRA-data – Kommunal eigedomsdrift 2006

	Jondal	Gruppe 06	Hordaland-gj.sn	Lands-gj.sn.
Netto driftsutgifter til kommunal eiendoms-	3 560	5 261	2 262	2 710

drift pr innbyggjar

Kommunal eiendomsdrift i % av netto driftsutgifter totalt	7,5	10,7	8,6	8,9
Investering i kommunal eiendomsdrift pr innbyggjar	410	3 224	1 136	2 639
- herav utgjør botilbud i institusjon		591	240	485
Brutto driftsutgifter til kommunal eiendomsdrift pr innbyggjar	3 211	6 669	2 734	3 284

Kilde: SSB – KOSTRA 2006

I forhold til innbyggjartalet er Jondal sine vedlikehaldskostnader lågare enn for snitt gruppe 06. Totalt sett bruker kommunen ein mindre del av driftsutgiftene til eigedomsforvaltning enn samanlikningskommunane. I 2006 har Jondal kommune hatt låge utgifter til investeringar.

Arealet som kommunen eig er redusert dei seinare åra. Kommunen har selt to skular, det er båtbyggjarskulen og Kysvik. KOSTRA har ikkje opplysningar om kor mange kvadratmeter kommunane eig noko som revisjonen meiner skulle vore innrapportert. Revisjonen har ikkje grunnlag for å uttale seg om kor mykje bygningsareal Jondal eig slik at vi kan samanlikne med andre kommunar i same Kostragruppe.

Teknisk og Næring har ansvaret for reinhald og vedlikehald i alle bygg kommunen eig. Kommunen har ikkje eit eige FDV-system der dei kan legge inn teikningane av alle kommunale bygg. Dersom dette var gjort kunne ein brukt dette til å rekna ut reinhaldsfrekvensar og som plangrunnlag ved ombyggingar.

Teknisk og Næring meiner dei ikkje har ressursar til meir enn det mest nødvendige bygningsvedlikehaldet. Dei meiner det ikkje har noko hensikt å lage vedlikehaldsplanar så lenge ressursane er så knappe.

Til tross for stillingsbeskrivingane er det framleis ikkje, i følge avdelingsleiar, heilt avgrensa kva som er vaktmeisterne sine arbeidsoppgåver. Det kan ha den konsekvensen at vaktmeisterne gjer ting som eigentleg ikkje er deira arbeid, mens andre arbeidsoppgåver står ugjort. Vaktmeisterne har i dag oppmøtestad på dei byggene dei har ansvar for.

6.1.2 Revisor sine vurderingar

Teknisk og Næring har ikkje kjøpt inn eit FDV-system, og kan derfor ikkje rekne ut f. eks vaskefrekvensar. Det er dermed ikkje utarbeida nokon vedlikehaldsplan eller fastsett nivå for bygningsvedlikehald. Vi synes det er positivt at avdelinga (manuelt) har lagt ned arbeid i å komme frem til dei mest effektive vaskefrekvensane.

Sjølv om Jondal har låge gjennomsnittlige kostnader til eigedomsdrift, samanlikna dei andre kommunane i Kostragruppe 06 er det vanskeleg å sei noko om årsaka til dette på grunn av at

ein ikkje har oversikt over bygningsarealet. Jondal har trulig hatt mindre ressursar til eigedomsdrift enn samanlikningskommunane, og er dermed "billigare" pr kvadratmeter.

Vi meiner det bør leggest større vekt på å planlegge vedlikehald og drift av den kommunale eigedomsmassen. Vi meiner at dette vil tydeliggjøre behov for ressursar til denne sektoren, og gjere det mogeleg å utnytte dei eksisterande ressursane betre. Samtidig er avdelinga betre førebudd på krav som kan komme som ein følge av eigedomsforvaltningsutvalet sitt arbeid. I ein situasjon kor ressursane er knappe, er det viktig at dei tilgjengelige ressursane blir brukt på områder som er Teknisk og Næring sitt ansvar. Det er derfor viktig at det blir utarbeidd ein plan over alle tilsette sine arbeidsoppgåver.

6.2 Økonomistyring

6.2.1 Data

Tabell 6) Regnskap 2006 Eigedomsforvaltning

Skule	2006
Nettobudsjett med endringer skule	1 537 425
Regnskap	1 960 092
Meirforbruk	422 667
Sjukeheim	2006
Nettobudsjett med endringer sjukeheim	1 294 857
Regnskap	1 937 784
Meirforbruk	642 927

For både skule og sjukeheim er det eit stort meirforbruk i 2006. Forklaringa i årsmeldinga er at dette skuldast underbudsjettering.

6.2.2 Revisor sine vurderingar

Revisjonen meiner at Teknisk og Næring må leggja ned meir ressursar i budsjettering når ein ser meirforbruket for skule og sjukeheim i 2006. Budsjettet skal vera realistisk.

6.3 Saksbehandling

6.3.1 Data

Avdelinga får få henvendelser frå private. Dei fleste henvendelser blir besvart over telefon.

6.3.2 Revisor sine vurderingar

Siden henvendelsene ikkje er besvart skriftlig, er det vanskelig å sei noko konkret om kor mange som sett har fått svar og eventuelt kor lang tid dette har tatt.

7.0 Sjølvkostområdet/Kommunale vegar

7.1 Gjennomførte arbeidsoppgåver

7.1.1 Data

Teknisk og Næring har ansvaret for sjølvkostområdet. Dette er handsama i eigen ein eigen forvaltningsrevisjonsrapport. Her syner vi berre ein oversikt over diverse Kostra-tal for området. Indre Hordaland Miljøverk IKS er ansvarleg for mottak av avfall. Jondal kommune driv sjølv ein miljøstasjon som har open ein dag i veka.

Tabell 7) KOSTRA-data – Vann, avløp og renovasjon
VANN

	1227 Jondal	Gruppe 06	Gj.snitt Hordaland	Gj.snitt landet utenom Oslo
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret +1)	2 400	2 577	2 532	2 210
Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning	47,2	65,4	81,8	84,7
Beregnet gjennomsnittsalder vannledningsnettet	28	23	25	27

AVLØP

Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret +1)	2 400	2 356	2 233	2 563
Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste	61,5	60	81,4	83,5
Beregnet gjennomsnittsalder spillvannsnettet	23	29	29	28

RENOVASJON

Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret +1)	2 211	2 222	1 865	1 943
--	-------	-------	-------	-------

Kilde: SSB – KOSTRA 2006

Jondal har 2 vassverk og sannsynlegvis må dei overta eit privat vassverk i 2007.

Vasskvaliteten er ikkje tilfredsstillande og derfor har Jondal kommune under utarbeiding hovudplan for vassforsyning

På grunn av at hovudplan for vassforsyning ikkje er ferdig utarbeidd kan vi ikkje sei noko om nyinvesteringar/ekstraarbeid på grunn av hovudplanen.

KOSTRA-tala viser at Jondal kommune har ligg på snittet i si gruppe og under snittet i Hordaland, men litt over gjennomsnittet i landet ekskl. Oslo. I følgje KOSTRA er vassleidningsnettet i Jondal 28 år. Landsgjennomsnittet ligger på 26 år.

Jondal kommune har eige reinseverk for avløp. Revisjonen er ikkje kjent med at kommunen har pålegg frå fylkesmannen om å utbetre det eksisterande reinseanlegget.

Jondal har lågare kostnader til avløpstenesta enn samanlikningskommunane. I følgje Kostra er avløpsnettet i Jondal 23 år. Landsgjennomsnittet er enda eldre og ligg på 29 år.

KOSTRA viser at Jondal har høgare kostnader til renovasjon enn landsgjennomsnittet.

Tabell 8) KOSTRA-data – Kommunale veier

	1227 Jondal	Gruppe 06	Gj.snitt Hordaland	Gj.snitt landet utenom Oslo
Lengde kommunale veier og gater i km pr. 1 000 innbygger	26,4	27,2	6,9	9,1
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	95 857	48 850	93 475	71 785

Kilde: SSB – KOSTRA 2006

Jondal kommune ligg litt over gjennomsnittet i gruppe 06 når ein ser på lengde kommunale vegar i km, men langt over gjennomsnittet i Hordaland og på landsbasis. Brutto driftsutgifter per kilometer kommunal vei i Jondal ligg monaleg over gjennomsnittet i gruppe 06. Inkludert i brutto driftsutgifter er kostnader til brøyting av vegen til Folgefonna.

7.1.2 Revisor sine vurderingar

Jondal kommune sine driftskostnader til vatn er omtrent som snittet i Kostragruppe 06. Når hovudplan for vassforsyning er ferdig vil dette sannsynlegvis gi ekstra kostnader for å få god nok vasskvalitet. Kommunen vil ha ein tilfredsstillende vasskvalitet når ein har bygd reinseanlegg.

Jondal ligg på gjennomsnitt når det gjeld kostnader til avløp. Dette kan ha samband med at gjennomsnittsalder på anlegget er lågare enn gruppa ein samanliknar med.

Kommunen er med i Indre Hordaland Renovasjonsverk IKS og driv i tillegg eige Miljøstasjon.

Revisjonen finn at det i einingsplanen for Teknisk og Næring er sett eigne mål for vegvedlikehald. For å ha eit tilfredsstillende vegvedlikehald, må midlar til vedlikehald vere i forhold til den veglengda som skal haldast vedlike. Ut frå KOSTRA-tala er det derfor sannsynlig at dei kommunale veiene i Jondal er betre vedlikehalden enn i samanlikningskommunane i Kostragruppe 06.

7.2 Økonomistyring

7.2.1 Data

Avdelinga har hatt følgjande regnskapsresultat dei to siste åra:

Tabell 9) Regnskap 2005 – 2006 Kommunale vegar

	2006	2005
Nettobudsjett med endringer	178006	275560

Regnskap	174134	162712
Meirforbruk	-3872	-112848

Vi har berre teke med utgifter til kommunale vegar. I 2005 var det eit stort meirforbruk (budsjettavvik ca. 41 %). For 2006 var kostnader til kommunale vegar omtrent som budsjettet.

7.2.2 Revisor sine vurderingar

Vi meiner at Jondal kommune bør ha ein gjennomgang av vegar som dei har ansvaret for. Hovudformålet bør vere å finne ut om det er mogeleg å redusere talet på km veg som Teknisk og Næring er ansvarleg for.

For året 2005 meiner revisjonen at det måtte vere indikasjonar tidlig at budsjettposten for kommunale vegar ikkje ville vere tilstrekkelig, og då burde Teknisk og Næring sett i verk tiltak for å få budsjettet i balanse, eller eventuelt bedt om økte løyvingar. Kommunelova krev at budsjettet skal vere realistisk.

7.3 Saksbehandling

7.3.1 Data

Avdelinga får henvendinger frå private. Nokre henvendinger var besvart på telefon eller på annan måte. Teknisk og Næring får også søknader om endring av vei, avkjørsler og lignende. Når det gjelder avkjørsler frå kommunal veg har kommunen avgjerslesmyndigheit. Slike avgjersler er enkeltvedtak.

7.3.2 Revisor sine vurderingar

Henvendinger til avdelinga blir som oftast besvart i løpet av kort tid, også enkeltvedtak er stort sett besvart innan dei fristar som forvaltningslova set.

8.0 Avslutning

8.1 Konklusjon

Den overordna problemstillinga for prosjektet er:

Er drifta av teknisk og Næring målretta og effektiv?

Vi meiner at Teknisk og Næring i hovudsak oppfyller dei mål og krav som lovverket stiller, men dei har i mindre grad vært flinke til å følgje opp dei mål dei sjølv har satt. Vi meiner at det er potensial for forbetring.

Teknisk og Næring utfører i hovudsak dei arbeidsoppgåver som lovverket stiller krav om. Vasskvaliteten er ikkje god nok og det må investerast i reinseanlegg slik at kvaliteten blir god nok. Innbyggjarane har ein avfallsordning som fungerer, og innbyggjarane får sine byggesøknader og reguleringsforslag rimeleg raskt behandla.

Teknisk og Næring bør utarbeide ein organisasjons- og utviklingsplan og arbeide meir med strategisk planlegging. Bortsatt frå hovudplan for vassforsyning som er under utarbeiding er det ikkje andre planer enn det ein finn i økonomiplan/handlingsplan og einingsplan for Teknisk og Næring. For lite ressursar blir oppgitt som forklaring på manglande planverk. Planer med klare mål er eit godkjent virkemiddel for å oppnå effektiv og rasjonell drift. Vi trur at ein meir planmessig og målretta drift kan hjelpe til å utnytte knappe ressursar betre. Samtidig kan det synleggjøre reelle behov for dei som gjennomfører vedtak og gjere prioriteringar enklare. Kommunen vil også være betre førebudd på nye krav om meir planmessig drift i samband med eigedomsforvaltning.

Teknisk og Næring har utarbeidd stillingsbeskrivingar. Vi meiner stillingsbeskrivingar er nyttige, spesielt for å beskrive innhaldet i sårbare stillingar ved f.eks. ved sjukefråvær.

For at ei avdeling skal fungere optimalt, må det være tilstrekkelige ressursar til å administrere verksemda. Det kan synes som om noen avdelingar har mindre administrative ressursar enn andre.

Samanlikninga av KOSTRA-tall gir eit noe sprikande resultat. Arealforvaltning har høge netto driftsutgifter i forhold til samanlikningskommunane. Eigedomsforvaltninga har lågare gjennomsnittlige driftsutgifter enn same Kostragrappa, men Jondal kommune har høgare kostnader enn andre kommunar i Hordaland og gjennomsnitt for landet utanom Oslo. Det er vanskeleg å sei om kommunen eine kostnader per kvadratmeter er lågare enn gjennomsnittet. Utgiftene til vann, avløp og renovasjon er omtrent som gjennomsnittet i Kostragrappa.

Teknisk og Næring har hatt mindreforbruk dei to siste åra, særlig stor var mindreforbruket i 2005. Vi meiner at økonomistyringa har vore god var tilfredsstillende. Leiar av Teknisk og Næring meiner at kommunen har hatt eit mindreforbruk på grunn av at det er oppgåver som er utsett (skyvd fram i tid).

Kommunen har ingen overordna retningslinjer for saksbehandling. Sjølv om Websak regulerer ein del, vil det i stor grad vere opp til den enkelte saksbehandlar korleis henvendinger frå publikum skal verta svart på.. Vi meiner at dette kan innebere ein viss risiko for forskjellsbehandling. Undersøkinga viste at det meste av saksbehandlinga var innanfor dei

fristar som lova set. Vi meiner det er ein veikskap at det ikkje er utarbeida rutinar for å følgje opp nye tidsfristar for bl.a. byggesøknader og private reguleringsforslag.

8.2 Tilrådingar

- Til tross for knappe ressursar, meiner vi at Teknisk og Næring bør leggja større vekt på å planlegge verksemda. Vi trur at dette er svært viktig for eigedomsforvaltning som forvaltar store verdiar. I tillegg vil kommunen være betre førebudd på eventuelt nye lovkrav på området
- Avdelingane er ulike i storleik. Derfor bør det vurderast kva som er nødvendig administrativ ressurs.
- Avklaring av arbeidsoppgåver der det er behov for det i forhold til stillingsbeskrivingar
- Budsjettet bør være realistisk. Dersom det er klare indikasjonar på at vedteke budsjett ikkje vil være tilstrekkelig, må etaten sette inn tiltak for bringe budsjettet i balanse.
- Teknisk og Næring (kommunen) bør utarbeida overordna rutinar for saksbehandling som fungerer som ei rettesnor for saksbehandlarane. Retningslinjene bør ta opp forholdet til forvaltningslova.
- Teknisk og Næring bør utarbeide system for å følgje opp dei tidsfristar som er satt i plan- og bygningsloven. Publikum bør informerast om kva for rettigheter dei har - for eksempel på kommunen sine nettsider. Derfor bør det utarbeidast ein serviceerklæring for byggesaker, kart og delingsforretningar.
- Det bør utarbeidast ein oversikt over kor lang tid ein bruker på å handsama byggesaker/frådelingssaker
- Utarbeide årleg oversikt over utsette prosjekt

9.0 Verifisering av rapport

9.1 Rådmannen sin høyringsuttale

Revisjonen har mottekte høyringsuttale frå rådmannen i form av brev datert 10.12.2007. Brevet ligg ved

9.2 Revisjonen sin sluttkommentar

Revisjonen har nokon kommentarar til brevet frå rådmannen.

Litteratur og kildereferanser

Plan- og bygningsloven

Forskrift om tidsfrister og sanksjoner ved overskridelse av fristene for private planforslag etter § 30 i plan- og bygningsloven. (2004-05-27 nr 779)

Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker (2003-06-24 nr 749)

Rundskriv T-2/2003 Om endringer i plan- og bygningsloven. Tidsfrister i planleggingen, kart og stedfestet informasjon.

Delingsloven

Forureiningslova

Forvaltningsloven

Veglova